

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Strandvik

Emne:

Transport av høy.

Bygdelag:

Revenstrand

Oppskr. av:

Mari Haga

Gard:

Haga

(adresse):

Baldersheim

G.nr. 105

Br.nr.

2 & 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1

SVAR

I eldre tid hadde fleire av gardane her i bygdi utslåttor. Det var jamt brukt å høvst dei berre annakvart år. Summe av dei vart ei tid frametter hausta av husmenn og slike som fødde berre nokre sauer. Men etter kring 1700 har dei vore brakklagde eller tekne med i beite. Summe var også nedlagde lenge før den tidi.

På summe av desse slåttone var utloor men mest gjorde dei det slik at dei som var på slåttan tok kvar si høvboera med seg heim om kveldane. Der vart aldri høvst frå desse utslåttone. Der var sovist ikkje vegar eller terreng for det.

2 I eldre tid var det berre nokre få gardsbruk her i bygdi som fødde hest. Bruki var jamt over små, og gjerne meir folka ein no. Dertil var det brattlendt og veglaust. No i seinare år har folk dyrka meir upp på gardane og skelt til vegar både høgt og lågt, so no har dei hest på dei aller fleste bruki her.

No køyrer ein grasen til hesjar der det er råd. Elles ber ein det på båretre. Det er so staur med 4-5 tverrfjoler

2
eitt stykke frå kvarandre. Dette bør då
to imillom seg. Er det mykje bratt der
graset skal fram drag ein på sloa.
(ei sloa, sloo, sloena) Det er berre ei lang
grein som ein høgg frå eit tre når ein har
bruk for den. På den dvingar ein so
mykje gras som ein ser seg syn med å
dra fram utan å missa for mykje på
vegen. Det heiter å sloa grase.

Er ikkje graset allfor reinvætt bør ein
det og på tåg på byggen til hejar eller
båddnebakken frå utendte stader.

Når ein sloar gras bind ein bae endar
av eit kort tåg om tjukkenden på sloo
og legg bukta over eine aksli og drag.
Ein tar og berre sloo i handi eller
armkrekjen.

Når ein skal leggja på ei høyböra
lagar ein graset eller høyet fyrst til
fengjer ved å ta med riva i høy-
dungen og trykkja litt og litt høy
saman, ein står til med eine foten
so ein får fengja brei og fast. Ein
vaksen kar skal ta 6 slike fengjer
i böra, kvinnone berre 5 eller 4.

Ein legg bålet over eine aksli. Den
som reiser ein med böra står attum.
(Börsfolk veit eg ikkje kva er, har
aldri høyr det ordet.

Fyrr var alltid borni med å høya
liksom du var med på alt anna gars-
arbeid etterkvart som du vart so store.
Og svært morsomt tykte du det var å få
gå med høybörer som dei vaksne.

Men før dei sjølve lærde laga bora var det mori helst som la på åt borni.

No er slikt ikkje å sjå meir. Den siste mannsaldren er her komme til svært mange "arbúdar"-heimar i bygdi. Og diira born går stótt på slong, iser om sumaren når dei ikkje har skulen. Når borni på gardane ser på dette vil dei og vera like "fri" og like "fine" og berre liggja på "ladestrandi" so snart det er ein godversdag, og elles berre leika seg som dei lysta. So her vert snart berre eldre og gamle folk som kan arbeida bâte med høying og anna på gardane.

Det som spørst ^{om} snorsekk, meis og rodde har eg aldri høyrst har vore brukte her. Her har heller ikkje vore brukte løype-streng til høy, berre til ved. Heller ikkje trillebör. Stjipa brukar ein gjerne når ein ber gras til ei ku som står inne men ikkje til høyboring elles. Den reidskaperen med "fjere langsgående prestaver" o. s. b. kjemmer eg ikkje.

Dei "reidskap" som mest var brukte her fyrr var "tåget og ryggen". No er det vorte mykje likare etter annfarses fekk hestar. Her går itt herme etter ein gammal mann (dödd 1902): "Me sku berre ha bora pågønde høyinge, föt da o da vissaste so må följa oss bā seint å tile."

3. Høyet frå utslättone måtte berast heim för snöen kom.

4. Pålag 1875 kom den fyrste hjulkjerra her til bygdi. Den var laga på Os og var ei vanleg arbeidskjerre. (Dette har eg høyrte av Jørgen Tveit som sovitt minnst det.) Fyrr den tid var berre berre brukt slear til alshags køyring. Det vart snart fleit og fleir som skaffa seg arbeidskjerros, men høvognar kom ikkje her før bygdevegen vart ferdig kring århundras skifte. Men seinare fekk dei seg høvognar og alle som hadde hest. Høysleden har ikkje vore mykje å sett dei siste tretti åri.

Vår høvogn er 2.52 m. lang og 1.30 m. br. Men elles kan dei vera både litt større og litt mindre etter kor lett eller tung køyring der er på garden. Tændlene går i eitt med vogni. Darrisvogn kjemmer eg ikkje til er brukt heri køyring. Ein kallar ikkje vogn for slea, heller ikkje hjulsled. Har eg høyrte vore sagt. Summe bruka skoring på sledane, andre ikkje. Har ikkje høyrte nokon om reglar for korhelst ein fekk køyra med snø eller hjul.

I eldre tid køyrdi dei aldri kornet i hus. Dertil var dei altfor vyerke om den minste kornklo. Det skulle berast i hus. Sterke karar bar to staura i kvar vinda, kvinnfolki ein. Når dei kom i lóa vreid dei staurane or reo (kornbandi). No kjører ein kornet i hus på vanleg høvogn med grindar om ein har det. Då har ein stauren or bandi på åkren. Det er ikkje so lenge sidan dei tok

Til å bruka grind på høyvogni her.
 Grindane er av bord, sume har dei pålange
 etter vogni, på andre står dei på opp og ned.
 Før grindar kom i bruk kenepte ein både
 høylæss og kornlæss med tång, høytång.
 (Skreinder, krökler har eg ikkje høyr om.)

Når ein læsser eit høylæss (utan grind)
 legg ein fyrst to og to fengger til møtes
 over vognen frå fremst til attrast, to
 eller tri omfar etter so stort ein vil
 ha læsset, sidan legg ein enkelte fengger
 til læsset er passelig. Storleiken på
 læssi lyt vera etter som vegen er til.
 Ein var svært nøye med å ta vel
 opp alt. Det var ei skam å ikkje gjera
 etterrakstern vel anten det var etter
 böra eller læss.

Ein feste jöringatåge i fremste
 tverrtree på høytångjo, let det gå
 under vogni og opp attanfor den og
 röyrde det 3-4 gonger rundt ein tapp
 i attraste tverrtree på tångjo som
 låg over læsse, og feste det so ved
 å leggja det nokre gonger att og fram
 i kross om heile tverrtree.

Ein kalla det å "keneppa læsse"
 "å jöra tåge".

Eg har ikkje sett det har vore brukt
 hæveld til jöringatåg, berre til
 böratåg.

Her var sikkert aldri brukt to hestar
 for høysleden her i bygdi.

5. Har ikkje høyr om at her nokortid
 har vore fellesslått på gardane her.

6

6 Den tid dei slo i utslåttene var det
støtt bruket å bera høyet heim før
snøen kom om hausten.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

65